



Voss herad



PLANPROGRAM

KOMMUNEPLAN FOR VOSS HERAD
2025 – 2037



Innhald:

Kva er kommuneplan, planprogram og plansystem?.....	3
Bakgrunn – ei berekraftig utvikling	4
Formål med planarbeidet	5
Kva oppgåver skal prioriterast i revisjon av samfunnsdelen?	6
Kva oppgåver skal prioriterast i revisjon av araldelen?.....	7
Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag?	10
Medverknad.....	11
Framdrift	12

Vedlegg
Medverknadssatsing 2025 - 2026



Kva er kommuneplan, planprogram og plansystem?

Voss heradsstyre har fatta vedtak om at kommuneplanen, både samfunnsdel og arealdel, skal reviderast. Kommuneplanen er eit overordna og langsiktig styringsdokument. Kommuneplanen er vårt viktigaste verktøy når me skal leggja til rette for kva samfunnsutvikling, arealforvaltning og tenesteproduksjon me ynskjer i heradet vårt. Planen gjeld for alle som bur og arbeidar i Voss herad.

Kommuneplanen består av to delar:


Samfunnssdelen (KPS) skildrar kva langsiktige mål kommunen har for samfunnsutviklinga. Samfunnssdelen skal kunna fungera som eit politisk styringsverktøy og ha tydelege satsingsområde og mål. Måla i samfunnssdelen skal vera styrande for kva andre planar kommunen vel å utarbeida, og skal også vera grunnlag for prioriteringar i årleg rullering av økonomiplanen. Gjeldande [samfunnssdel](#) vart vedteken i mai 2020.

Arealdelen (KPA) skal omsetta måla i samfunnssdelen til arealpolitiske verkemiddel og fastsetja rammer for langsiktig arealutvikling i kommunen. Gjeldande [arealdel](#) vart vedteken i oktober 2020.

I samband med at me startar opp arbeidet med revisjon av kommuneplanen skal det utarbeidast eit **planprogram** som skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn. Planprogrammet er eit dokument som skildrar korleis me tenker oss prosessen knytt til det å utarbeida ny kommuneplan, kva tema me vil sjå ekstra grundig på, kva medverknadsaktivitetar me ynskjer å leggja opp til og ei vurdering av om det er trond for nye utgreiingar for å få på plass eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag.

Dette planprogrammet skildrar samla prosess knytt til revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Oversikt over Voss herad sitt **plansystem**:





Bakgrunn – ei berekraftig utvikling

FN sine 17 berekraftsmål (**FN 17**) skal liggja til grunn for all planlegging i Voss herad. Dersom Noreg skal kunna klara å levera på dei 17 måla (og 169 delmåla) lyt alle bidra, også lokalsamfunn og kommunar. Om lag to tredelar av FN17-måla krev handling på lokalt og/eller regionalt nivå om me skal lukkast.

Berekraftsmål 17 «*Samarbeid for å nå måla*» vert lyfta fram som særleg viktig då samarbeid og samskaping (gjerne også formaliserte partnarskap) på ulike offentlege forvaltningsnivå, med akademia, næring og sivilsamfunn, er absolutt nødvendig for å kunna løysa dei mange måla og kompleksiteten som ligg i å realisera desse.

Nettopp for å kunna sjå kompleksitet og koplingar mellom dei mange FN17-måla, nyttar kommunar i Vestland fylkeskommune ein tilpassa versjon av FN17-måla. Denne framstillinga av FN17-måla tek utgangspunkt i den miljømessige berekraftsdimensjonen og det faktum at naturen si toleevne set grenser for vidare utvikling for dei to andre berekraftsdimensjonane - sosial og økonomisk berekraft. Samstundes vert berekraftsmål 17 lyfta opp som det berekraftsmålet som gjeld all utvikling, på alle nivå. Alt heng saman med alt. Dersom me i tillegg legg til eit anna viktig prinsipp i arbeidet med berekraftig utvikling, at ingen skal utelatast (engelsk: «*leaving no one behind*»), samanfattar figuren under dei mange koplingar, kompleksitet og potensielle politiske dilemma i arbeidet med å planleggja for ei berekraftig utvikling.



Vestland sin berekraftsmodell. Kjelde: Vestland fylkeskommune, tilpassa etter original frå Stockholm Resilience Center

[FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne](#) (CRPD) og [FN sin konvensjon om barnerettane](#) legg også viktige føringar i arbeidet med å skapa ei berekraftig utvikling.

Berekraftig utvikling er også lyfta fram i føremålsparagrafen i [Plan- og bygningslova](#). Her står i §1.1. om formål med lova: «*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner*».



Formål med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å revidera kommuneplanen – både samfunnsdel og arealdel. I gjeldande kommuneplan er Voss herad sin arealstrategi med i arealdelen. Ein arealstrategi skal skildra kommunen sine overordna prinsipp for framtidig arealutvikling. Ved rullering av kommuneplanen, skal arealstrategien inngå i samfunnsdelen. Samfunnsdelen skal vedtakast tidlegare enn arealdelen og gjennom å integrera arealstrategi i samfunnsdelen får me klargjort heradsstyret sin arealpolitikk på tidlegast mogeleg tidspunkt. Ei slik løysing er også peika på i [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging](#) der det står:

*«En arealstrategi i samfunnsdelen er viktig for å klargjøre kommunestyrets langsigte arealpolitikk og hvordan nasjonale og regionale føringer og mål skal følges opp.
Når arealstrategien legges til grunn for revisjon av kommuneplanens samfunnsdel, bidrar dette til at areal- og samfunnsutviklingen ses i sammenheng.»*

Nasjonale forventninger 2023 - 2027

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal avklara korleis berekraftsmåla skal fylgjast opp i vidare planarbeid, gje strategisk retning for både utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon, samt leggja til rette for eit godt samspele mellom dei ulike samfunns- og tenesteområda i kommunen og med sivilsamfunn og næringsliv. Dette igjen kan bidra til nytenking og at ressursane våre vert utnytta mest mogeleg effektivt.

Det er eit viktig mål med plansystemet og fireårshjulet for Voss herad sitt planarbeid, at kommuneplanen sin samfunnsdel vert eit reelt styringsverktøy. For å fungera som styringsverktøy må samfunnsdelen vera forankra i heradsstyret, byggja på eit tydeleg utfordringsbilete og ha tydelege satsingsområde og mål.

Utfordningsbiletet i Voss herad er kartlagt i samband med utforming av [kunnskapsgrunnlag for Planstrategi 2024 – 2027](#) og diskusjonar i Voss formannskap våren 2024. Hovudutfordringane som skal leggjast til grunn er:

- Klima, miljø, natur og beredskap
- Vossingane (vekst, velferd og virke)
- Utanforskap

Måla i samfunnsdelen og føringer lagt i Voss herad sin Planstrategi 2024 – 2027 skal vera styrande for kva andre planar som skal utarbeidast, og kommuneplanen sin samfunnsdel er grunnlag for Voss herad sine prioriteringar i årleg rullering av økonomiplan.

[Plan og bygningslova](#) (PBL) har stor betydning for mellom anna jordvern, naturmangfald, klima, kulturmiljø og samfunnsutvikling. [Bustadsosial lov](#) frå 2023 set krav om at overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet skal fastsetjast i kommuneplanen. Samstundes har det komme tilføyinger i Plan- og bygningslova om at kommunane skal leggja til rette for tilstrekkeleg bustadbygging. I Voss herad vert arbeidet med bustad og eigedomsutvikling sentralt dei kommande åra.

Voss herad har i siste planbolt utarbeida ei rekke samfunnsplanar som lyt avspeglast i revisjon av både samfunnsdel og arealdel.



Kva oppgåver skal prioriterast i revisjon av samfunnsdelen?

Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er å gjera denne til eit tydelegare styringsdokument. I arbeidet med KPS vil me prioritera å vidareutvikla arealstrategien, og justera mål og strategiar i tråd med utfordringsbiletet, aktuelle «vossaplanar» frå førre planbolk samt nye nasjonale og regionale føringer og lovkrav. I tillegg skal me arbeida med målstrukturen slik at denne vert lettare å bruka.

Plan- og bygningslova § 11.2 gjev fylgjande føringer for kommuneplanen sin samfunnsdel:
«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for komunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon (...). Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen.»

Utgangspunkt for samfunnsdelen er Voss herad sin visjon om å vera eit sterkt regionsenter med levande grender. Gjeldande samfunnsdel er tufta på berekraftsmåla til FN og har både mål og satsingar som framleis står seg. Det er likevel trøng for å gjera målstrukturen meir tilgjengeleg, spissa måla opp mot dagens utfordringsbilete og styrka den raude tråden mellom kommuneplanen og økonomiplan.

For å sikra den «raude tråden» i planlegginga vår og kopla det heile tettare på utfordringsbiletet vert hovudutfordringane «klima, natur, miljø og beredskap», «vossingane – vekst, velferd og virke» og «utanforskning» ein viktig del av bakteppet også i arbeidet med ny samfunnsdel. Dette er breie samfunnsutfordringar som påverkar kvarandre. Planlegginga vår skal bidra til å tenke heilskapleg slik at mål på eitt område har minst mogleg negativ konsekvens for eit anna. Gjennom planprosessen vil me synleggjera konkrete målkonfliktar, og korleis desse målkonfliktane kan innebera mogelegheiter og nye og kreative løysingar. Styrka kompetanse, samarbeid og samordning vil vera grunnleggjande i vidare arbeid med både å løysa utfordringar og sjå nye mogelegheiter.

Samfunnsdelen skal også innehalda ein **arealstrategi**. Føremålet med arealstrategien er å syna samanhengen mellom framtidig arealbruk og samfunnsutvikling. Arealstrategien skal syna koplingane mellom ynska samfunnsutvikling og arealbruk, og bidra til å «omsetja» mål og satsingsområde i samfunnsdelen til arealpolitiske grep i arealdelen. Å utarbeida arealstrategi er ikkje ei lovpålagt oppgåve, men dette er eit nyttig verktøy for å sikra samanheng og konsistens i kommuneplanen.

Heradsstyret vedtok prinsippet om arealnøytralitet i Vossaklima i november 2022. Gjennom arbeidet med ny arealstrategi skal me definera kva me legg i arealnøytralitet.





Kva oppgåver skal prioriterast i revisjon av arealdelen?

Hovudmålet med å revidera kommuneplanen sin arealdel (KPA) er å følgja opp føringar frå kommuneplanen sin samfunnsdel og ny arealstrategi, føringar frå Vossaklima, Kulturmiljøplan og ny Naturmangfaldsplan. Arealdelen skal ta innover seg nasjonale forventningar m.a. knytt til jordvern, naturverdiar, bustadpolitikk, areal- og transport og beredskap.

Arealdelen skal fastsetja rammer for langsiktig utvikling. I Plan- og bygningslova § 11-5 står det fylgjande: «....Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk, er ivaretatt.....»

Klima, miljø- og naturomsyn – oppfølging av Vossaklima 2030 og naturmangfaldplan

Korleis me disponerer areala i heradet har store konsekvensar for klima, miljø og natur. Vossaklima 2030 (vedtatt 17.11.22) og Temaplan for naturmangfald (på høyring til 15.11.25) legg mange viktige føringar for arbeidet med klima og natur, og nokre av desse vert først iverksett med ny arealdel. Dette gjeld til dømes prinsippet om arealnøytralitet, som er viktig med omsyn til både klimagassutslepp og naturmangfald.

Voss herad har fått tilskot frå Miljødirektoratet for å gjennomføra «planvask». Arbeidet vil innebera ein gjennomgang av utbyggingsområda i kommunen som endå ikkje er realisert, og vurdera desse på nytt. Me har både regulerte og uregulerte utbyggingsområde som er avsett i arealdelen. Gjennom arbeidet med planvask vil det vera aktuelt å oppheva reguleringsplanar, og å ta ut utbyggingsareal avsett i kommuneplanen sin arealdel.

Det er også knytt store klimagassutslepp til utbygging og bygg- og anleggsverksemrd. Som del av arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal me utvikla og stilla krav om verktøy som «klimanorm»¹ og areal- og klimarekneskap i plan- og byggesaker. Dette skal sikra betre og meir medvitne val for klima og miljø.

Konsekvensutgreiing

Ved vurdering av forslag til ny arealbruk, eller vesentleg endring av arealbruk i eksisterande bygggeområde, skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga skal skildra og vurdera verknaden planen har for miljø og samfunn, i samsvar med krav i forskrift om konsekvensutgreiing.

Viktige tema i konsekvensutgreiingar vil vera naturmangfald, vassdrag, friluftsliv, kulturminne, landskap, landbruk, klima/miljø forureining, støy og naturrisiko, i tillegg til samfunnsinteresser som skule, barnehage og anna infrastruktur. Det skal gjerast utgreiingar for kvart einskildområde, men det skal også gjerast ei konsekvensvurdering av planen sin samla verknad for miljø og samfunn.

Verdi- og konsekvensvurderingar vil primært basera seg på tilgjengeleg informasjon i ulike kartbasar, samt lokalkunnskap og anna relevant informasjon. Behov for innhenting av ny kunnskap vil verta vurdert undervegis.

¹ Klimanorm er eit indikatorsett som skal gje grunnlag for å gjera klimavurderingar i tidleg fase av planarbeid.



Risiko- og sårbarheitsanalyse

Voss herad har eit ansvar for å fremja samfunnstryggleik i arealplanlegginga, og å gjera ei heilskapleg vurdering av kommuneplanen sine verknader for lokalsamfunn og innbyggjarar. Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for ny arealbruk skal utarbeidast i tidleg fase, slik at den vert del av vurderingsgrunnlaget. Kommunen si overordna ROS-vurdering og akseptkriteria for risiko skal leggjast til grunn for vurderingane. Det skal takast omsyn til klimaendringar. I arbeidet vil relevante fagpersonar verta involverte, men det kan også vera aktuelt å innhenta ny kunnskap.

I samband med kommuneplanen sin arealdel skal ROS-analysen gjerast på eit aktsemndsnivå. Dersom det vert opna for utbygging med direkte heimel i arealdelen, må ROS-analyse for tiltaket gjennomførast på eit reguleringsplannivå. Det vil sei at reell fare og sårbarheit må utgreia. Det vert elles synt til kvalitetskrav i DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging».

Både potensiell og reell naturfare vil verta kartfesta som faresoner i kommuneplankartet og følgjast opp med naudsynte krav i føresegne.

Viktige tema:

I løpet av dei siste åra har fleire arealpolitiske tema vore løfta fram; tema som det til dels er knytt store målkonfliktar til. Det er viktig at arealdelen legg tydelege føringer på korleis Voss herad vil prioritera arealbruken innan desse tema.

- **Jordvern:** Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord er ei utfordring både nasjonalt og lokalt. Voss herad har mange landbruksgrender, og jordbruksarealet ligg tett på infrastruktur, busetnad og andre arealføremål. Med omsyn til matsikkerheit og beredskap er det viktig at me sørger for å ivareta matjorda me har. Regjeringa vedtok i 2023 ein ny jordvernstrategi som legg tydelegare føringer for bruken av matjord.
- **Kyst- og strandsoneforvalting:** Då Granvin herad, Oksenhalvøya (Ullensvang herad) og Voss kommune slo seg saman i 2020 og vart til Voss herad, fekk det nye heradet ei lang strandsone med tilhøyrande fjordområde. Tidlegare Ullensvang herad hadde ein eigen kystsoneplan vedteken i 2008, som delvis er innlemma i noverande arealdel. Det er behov for ein grundigare gjennomgang av denne planen i samband med revisjon av KPA, samt generelt å sjå på føringer for forvalting av kyst- og strandområda i heradet.
- **Senterstruktur og ny utvikling:** For å få fram ein tenleg senterstruktur som legg til rette for langsiktig og framtidsretta utvikling i heile heradet, bør karakter, innhald og funksjonar i dei ulike sentra studerast nærmare. Bustadbygging, tenestetilbod, næringsutvikling og mobilitet er viktige stikkord. Det må vera eit mål å få ein kommune med gode nær- og lokalsenter som speglar behov, karakteren til omgjevnaden, naturen og kulturen på staden. Samtidig er det viktig å sikra gode rammevilkår for Vossevangen som eit attraktivt handels- og regionsenter. Gjennom arbeid med senterstrukturen vil me følgja opp Voss herad sin visjon om levande bygder og eit sterkt regionsenter.
- **Bustadutvikling:** Gjennom ny bustadsosial lov og endring i Plan- og bygningslova har kommunane fått eit større ansvar for bustadbygging. Me skal mellom anna førebyggja bustadsosiale utfordringar og bidra til at vanskelegstilte skal få tilgang på eigen bustad. Dette inneber at kommunane må vera ein aktiv aktør innan bustadpolitikk. Gjennom arbeidet med arealplanen må me sikra tilgang på tenlege og realiserbare bustadareal, og me må leggja føringer som sikrar gode kvalitetar samt eit mangfold i bustadtypar som gjenspeglar vossingane sine behov for husvære.



- **Hyttebygging:** I dag har Voss herad kring 4400 fritidseininger, og det føreligg godkjende planar for om lag 2700 til (mars 2023). Ved sist revisjon av arealdelen vart det ikkje prioritert å opna for nye hytteområde. Fokus har dei seinare åra endra seg frå å opna for nye hytteområde, til å vurdera korleis hyttenæringa kan utvikla seg innanfor meir berekraftige rammer. Prosjektet [Grønt hytteliv](#) har gjeve oss gode innspeil til dette arbeidet. Nye føringer knytt til klima og miljø må også leggjast til grunn for utvikling av nye fritidsbustader. Dette vil innebera strengare krav til dokumentasjon og utgreiing av konsekvensar. Tema som lokalisering, utforming, arealinngrep og energiløysingar må vurderast på bakgrunn av nye føringer.

Dei sentrale temaane som er lista over, vil kunna ha ibuande målkonfliktar i seg. Somme av desse målkonfliktane er synt til i «Vossaklima 2030», og vil verta arbeida vidare med gjennom heile den samla kommuneplanprosessen.

Innspela frå formannskapet si handsaming av høyringsutkast Planprogram den 5. september 2024 vert arbeida vidare med i arealstrategi og arealdel.



Planmateriale

Med bakgrunn i ny kunnskap, nye føringer og erfaringar frå handsaming etter noverande arealdel vil føresegner, plankart og planomtale verta oppdatert. Dei oppdaterte plandokumenta skal gjenspegla ynskja utvikling og arealpolitikk på ein informativ og forståeleg måte.



Eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag?

I samband med utforming av Planstrategi 2024 – 2027 har me utarbeida eit overordna og heilskapleg [kunnskapsgrunnlag](#). Dette kunnskapsgrunnlaget vil verta arbeidd vidare med gjennom heile planprosessen.

Voss herad har fleire store og viktige planar som skal avspeglast i kommuneplanarbeidet:

- [Voss i Vekst – kompetanse og rekruttering](#)
- [Vossaklima 2030](#)
- [VossaROS 2023](#)
- [Folkehelseoversikt 2024 - 2027](#)
- [Kommunedelplan for kulturminne](#)
- [SNU Voss – strategisk næringsutvikling](#)
- [Områdereguleringsplan for Vossevangen \(Sentrumsplan\)](#)
- [Demensplan](#)
- [Bustadsosial handlingsplan](#)
- [Trafikksikringsplan](#)
- [Kulturkraft – temoplan for kultur](#)
- [Frivilligpolitikk](#)

Arbeidet med [Kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring](#) og [Naturmangfaldsplassplan](#) er i sluttfasen og vert også innlemma i kunnskapsgrunnlaget vårt.

Likeins lyt kunnskapsgrunnlaget vareta relevante føringar frå sentralt og regionalt hald. Vestland fylkeskommune sitt arbeid med ny regional planstrategi, [Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028](#), er forventa å verta vedteken i desember 2024 og relevante mål og strategiar frå denne lyt også varetakast i Voss herad sitt arbeid med revisjon av kommuneplanen.

For å komplementera kunnskapsgrunnlaget ytterlegare, er arbeidet i gang med å utarbeida følgjande strategiar/utgreiingar og fagrapporatar:

TEMA	OPPSTART	BEHOV FOR EKSTERN FAGKOMPETANSE
Planvask	2024	Ja, Holth&Winge bistår med støtte frå Mdir
Bustad- og egedomsstrategi	2024	Ja, delar av kartleggingsarbeidet er utarbeidd
Rasisme og diskriminering	2024	Ja, kartlegging støtta av IMDI
Energikartlegging	2024	Ja, vert gjennomført i regi av Voss Energi AS
Senterstruktur- nær- og lokalsentra	2025	Ja. Omfang vert avklart vår 2025
Kyst- og strandsonekartlegging	2025	Vert del av Hardangerrådet sitt arbeid
Jordvernstrategi	2025	Ja, fått støtte frå Landbruksdirektoratet

NB: Til delar av kunnskapsgrunnlaget er det behov for ekstern fagkompetanse. Dette må sikrast med at det vert sett av midlar i økonomi- og budsjettplanarbeidet.



Medverknad

Lovmessige krav til medverknad i planprosessar er skildra i plan- og bygningslova kapittel 5, og krav til medverknad ved utarbeidning av planprogram vert utdjupa i PBL §§ 4 –1 og 11–13. Oppstart av planarbeidet med kommuneplanen vert varsla samstundes med at forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

I arbeidet med revisjon av kommuneplanen vil me møta ulike og til dels motstridande interesser (samfunnsflokker). For å finna fram til dei beste løysingane er me avhengig av bidrag og innspel frå dei som arbeider og bur i heradet vårt. Det kommande året vil me leggja stor vekt på å ha ein open planprosess for å motivera folk flest til engasjement og eigarskap i planarbeidet. Me skal ha ei særleg satsing for å involvera born og unge i planprosessen og leggja opp til at heile bygda vår ynskjer engasjera seg.

Me vil vektlegga open kommunikasjon og klart språk gjennom heile planprosessen og nyttja både heimesida og sosiale media aktivt til informasjon og dialog, samstundes som me inviterer breitt til innspel, dialog og samskaping.



Medverknadsaktivitetane skal verta gjennomført i tett samarbeid med politikarane i Voss herad.

Planlagde medverknadsaktivitetar omfattar²:

- Debattserie i biblioteket – «*Kva slags Voss vil me ha i framtida?*»
- Borgarpanel (Hyttebygda, Landbruksbygda, Bilbygda)
- Frivilligbørs 2025 – i regi av Voss Frivilligsentral
- «Psykt bra bygd!» - Utopiaverkstad for liten og utopiaverkstad for stor
- IdeCAMP Energi 2025
- Teiknekonkurranse (barneskule, ungdomsskule og kulturskule)
- Vossadagane 2025 – «*Framtidstru*»
- Last Tuesday – Næringslivet sine kår i framtida
- Temakveld - Bygg, anlegg – og eigedom
- Temaveke – Samfunnstryggleik og beredskap
- Grøn november (for og med born og unge i arbeidet med ombruk og grøn omstilling)
- Bygdalab - Arealplanlegging fram mot 2035
- Politiske verkstadar
- Faglønsjar for tilsette

NB: Somme av dei planlagde aktivitetane krev finansiering for at me kan gjennomføra som planlagt.

² Sjå oversikt og nærmere skildring av dei mange medverknadsaktivitetane i vedlegg.



Framdrift

Med politisk vedtatt «Planprogram for revisjon av kommuneplanen» i desember 2024 kan samla framdrift skisserast som følger:

2024		2025		2026	
Vår	Haust	Vår	Haust	Vår	Haust
Styrka kunnskapsgrunnlag					
Planprogram					
Kommuneplanen sin samfunnssdel, inkludert arealstrategi					
Kommuneplanen sin arealdel					
Medverknad og forankring					

Viktige milepælar i arbeidet med dei ulike plandokumenta er:

	Planprogram	Samfunnssdel	Arealdel
Fyrste gongs politisk handsaming	September - 24	September - 25	Feb. - mars - 26
Høyring og offentleg ettersyn	Sept. – okt. - 24	Okt. – nov. - 25	Mars – april - 26
Endeleg politisk handsaming	Desember - 24	Årsskiftet – 25/26	Desember - 26

Det er lagt opp til at utkast til samfunnssdel vert diskutert i Regionalt planforum innan sommarferien 2025. Dette inneber at fyrste gongs politisk handsaming vert august/ september 2025 og endeleg politisk handsaming ved årsskiftet 2025/ 2026. Også kommuneplanen sin arealdel skal leggjast fram i Regionalt planforum før den vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Dei planlagde medverknadsaktivitetane og periodane der plandokumenta er til høyring og offentleg ettersyn vil kunna gje gode og viktige innspel til utforming av framtidig overordna politikk for styring av Voss herad.

Hovudformålet med planarbeidet er å revidera kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel med sikte på å oppdatera, forbetra og forenkla kommuneplanen, samt skapa ei tettare kopling mellom samfunnssdel og arealdel. Når no arealstrategi skal inngå i kommuneplanen sin samfunnssdel vil det, i samband med at denne vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn, vera høve til å komma med innspel til overordna strategisk arealbruk. Føringar lagt i arealstrategi (KPS) vil sidan verta konkretisert i arealdelen (KPA). Fyrst når arealstrategien er fastlagt vil det verta høve til å komma med private arealinnsplitt knytt til ulike utbyggingsføremål.





Medverknadssatsing 2025 – 2026

1. «ALLE (SOM VIL) SKAL MED!»

Debattserie bibliotek, Kva slags Voss vil me ha? (vår 2025)

Biblioteket inviterer til tre debattar som skal bidra til at innbyggjarane i sterkare grad tek styringa over eiga bygd. Tema for debattane er:

- **Bygd for turistar?**
Reiselivet på Voss pregar bygda vår. Kva slags turistar er det me ynskjer ha på besøk og kva ynskjer me visa fram? Korleis kan me få reiselivet og bygda til å gå hand i hand? (januar-25)
- **Bygd for syklistar?**
Voss er full av entusiastiske syklistar, trass i ein infrastruktur som i liten grad spelar på deira lag. Kva grep må me ta for å gjera det tryggare og kjekkare å vera syklist i Voss herad? (mars- 25)
- **Bygd for alle?**
Kva gagn har eit inkluderande lokaldemokrati? Korleis kan me leggja til rette slik at alle som ynskjer det får bidra i arbeidet med å utvikla bygda vår? (april- 25)

Debattane vert arrangert i samarbeid med lokalavisa Hordaland.

Frivilligbørs (januar 2025)

For fyrste gong vert det arrangert Frivilligbørs på Voss. Satsinga er eit samarbeid mellom frivilligheita, næringslivet og kommunen med mål om å skapa nye og gode samarbeid på tvers.

<https://frivilligbors.no/dokument?mer-om-frivilligbors&Id=80475>

Frivilligbørs vert arrangert i samarbeid med Voss frivilligsentral.

Fornybar framtid (februar 2025)

Fornybar framtid er eit initiativ frå Voss Energi AS: Me ynskjer at elevar i 10. klasse, gjennom å løysa oppgåver i prosjektet fornybar framtid, skal få auka interesse for miljø- og klimaspørsmål, alternative energikjelder, energibruk generelt og ikkje minst auka interesse for realfag. Vidare skal elevane setja seg inn i dei lokale utfordringane me har knytt til klima, klimatilpassing og grøn omstilling (Vossaklima 2030)

Fornybar framtid vert arrangert av Voss Energi.



IdéCamp Energi (februar 2025)

Korleis leva opp til «Mer av alt raskere?», tryggja ny næringsutvikling og samstundes ta vare på naturen vår? IdéCamp Energi 2025 vil freista finna svar som bidreg til å løysa denne store samfunnsfloka.

Me vidarefører erfaringane frå IdéCamp 2011 og set av ein dag der lokalt næringsliv, kraft- og energibransjen, akademia, interesseorganisasjonar og politisk nivå samlast for i fellesskap kunna tenkja «utanfor boksen» og finna nye løysingar for framtida.

IdéCamp 2025 vert arrangert i samband med Fornybar Framtidi–veka. IdéCamp vert gjennomført i samarbeid med Voss Energi, Hardanger og Voss næringshage og Voss næringssråd.

PSYKT BRA BYGD! Utopiaverkstad for liten og for stor (februar 2025)

Me inviterer elevråda i småskule og elevråda på ungdomstrinn/vgs til kvar sin Utopiaverkstad. Her ynskjer me skapa deltaking kring medborgarskap og inkludering – «Ung og innafor», då med utgangspunkt i spørsmåla:

- Kven er du, kva står du for og kva kan du bruka dette til?
- Kva er ein «berekräftig stad» for deg?
- Kva er bra med Voss og korleis kan me gjera noko sjølve for at Voss skal bli endå betre?

Verkstadane vil ta utgangspunkt i erfaringane frå dialogmøte med ungdom 3. desember - »Di meinig tel» der ungdom vert invitert til å ta meir del i planarbeidet vårt. I samarbeid med ekstern prosessrettleiar vil me vurdera om opplegget kan realiserast på eit sett som gjer at også dei eldste borna i barnehagane kan komma med. Ungdomsrådet vert invitert til å vera med gjennom heile prosessen.

Borgarpanel (vår 2025)

Borgarpanel er ein form for medverknad som Voss herad ikkje har prøvd ut tidlegare, og som i liten grad er testa ut av andre kommunar. Metoden går ut på å distribuera opne invitasjonar til dei tre ulike borgarpanela, og lata innbyggjarane sjølve mælda seg på. Det er eit mål å oppnå så høg representativitet som mogleg i borgarpanela. Difor må invitasjonen distribuerast breitt, og samtidig må me gjennomføra målretta marknadsføring for borgarpanel i grupper av samfunnet som vanlegvis er underrepresenterte i politisk arbeid. Deltakarane får ei løn for å delta og bidra med innspela sine, og dette skal bidra til at kvar enkelt sin sjanse til å delta verta mindre påverka av faktorar som familie- og arbeidsforhold, økonomi og helse.

Borgarpanela skal gå av stabelen i perioden februar – april 2025 og vert gjennomført med fylgjande tre tema:

- *Hyttebygda Voss – er det nok no?* Vågar me å seia nei til meir hyttebygging sjølv om det gjev arbeid for byggenæringa, kundar til lokalbutikkane og fulle skiheisar?
- *Landbruksbygda Voss* – bonden er viktig, men er veg, bustad og anna utvikling viktigare? Landbruket sørger for arbeidsplassar, matsikkerheit, kulturlandskap, naturmangfold og identitet, likevel mistar me kvart år dyrka jord til andre føremål. Tar me godt nok vare på bøndene våre?
- *Bilbygda Voss* – me bur i ein kommune med store avstandar, og mange treng bil for å koma seg frå a til b. Men, vil me ha alle desse bilane i sentrum? Er Vangen ein god stad å vera for oss som bur her – og dei som besøkjer oss?

Miljødirektoratet har støtta tiltaket med kr 100 000 gjennom Klimasats-ordninga fordi dette er eit innovativt medverknadsarbeid som kan vera nyttig for fleire kommunar å sjå til.



Teiknekonkurranse (vår 2025)

Elevar i barneskule, ungdomsskule og kulturskule vert invitert til teiknekonkurranse med utgangspunkt i «Voss i framtida».

Vossadagane 2025 (8. – 9. april 2025)

[Vossadagane](#) er møteplassen der ein løftar blikket og ser det store biletet, og samtidig trekkjer linjene frå det globale og nasjonale til Vestlandet og Voss. Tittel på Vossadagane 2025 er «Framtidstru» og lyfter fram fire overordna tematikkar:

- Forteljinga om Noreg 2050 - korleis kan Voss bidra?
- Framtidas byggenærings - kvar og korleis skal me byggja?
- Korleis skapar me morgondagens berekraftige matsystem?
- Framtidas arbeidskraft – korleis kan me styrke folkehelsa?

Vossadagane vert arrangert i eit samarbeid mellom Voss herad, Voss Energi AS og Hardanger og Voss næringshage.

Last Tuesday (august 2025)

Næringslivet sine kår i framtida. Presentasjon av skisse til ny samfunnsdel og arealstrategi.

Last Tuesday vert arrangert i samarbeid med Hardanger og Voss næringshage.

Temakveld om bygg, anlegg og eigedom (oktober 2025)

Tema vert avklart ila. våren 2025.

Temakveld bygg, anlegg og eigedom vert arrangert i samarbeid med Hardanger og Voss næringshage.

Temaveke – samfunnstryggleik og beredskap (november 2025)

Me inviterer til ei veke med debatt, kino, quiz, innbyggjarundersøking m.m. der tema er samfunnstryggleik og beredskap for framtida.

Temaveka vert arrangert i samarbeid med Beredskapsveka 2025.

Grøn november (november 2025)

Grøn november går av stabelen kvar november månad. Satsinga er først og fremst retta mot born og unge og har fokus på vossingen sitt klimafotavtrykk, sirkulærøkonomi og grøn omstilling.

Grøn november vert arrangert i samarbeid med frivillig lagsliv og lokalt næringsliv.

Bygdalab KPA (vår 2026)

Med erfaringane frå Bygdalab Sentrumsplan og Bygdalab Vossaklima 2030, ynskjer me invitera til Bygdalab KPA våren 2026. Nærare rammer for Bygdalab KPA vert lagt ila 2025.



2. «FAGLØNSJ - 5 PÅ HALV»

For å skapa engasjement, dela kunnskap og samla dei ulike fagmiljøa i heradet vert det lagt opp til ei rekke med faglønsjar for tilsette i 2025. Programmet ser slik ut:

Tema	Tidspunkt
Utanforskap - tidleg innsats – Ungdata	Januar
Sirkulære Voss (Bioparken, Lys i gamle hus)	Februar
Heradet sitt klimarekneskap 2024 – korleis ligg me an?	Mars
Kultur som samfunnsbyggande kraft	April
Meir av alt raskare og samstundes ta vare på naturen?	Mai
Skisse til ny samfunnsdel og arealstrategi	Juni
Eit motstandsdyktig klimarobust Voss	August
CRPD – kva, kvifor og korleis?	September
Samfunnstryggleik og beredskap	Oktober
Psykt bra bygd!	November
Berekraftig besøksforvaltning	Desember

3. POLITISKE VERKSTADAR

Det er ynskjeleg at også politisk nivå i Voss herad tek del i medverknadsprosessen, både dei som handlar om at «alle som vil skal med», men også tek initiativ til politiske verkstadar med ulike tema samstundes som prosessen med å revidera samfunnsdel og arealdel skrid fram. Mogelige tema som kan vera relevant å diskutera i ulike politiske fora er lista opp under:

Tema	Tidspunkt	Utval
Mål og målstruktur i KPS - «kraft til å bera»	Mars 2025	FPL?
Naturmangfold	Mars 2025	UKMB
Arealstrategi/Arealnøytralitet	April 2025	FPL/ UKMB/ HST?
Mangfold og inkludering	Mai 2025	LEV/FPL/ HST?
Bustadutvikling – ny lov etc	Juni 2025	LEV/ FPL/ HST?
Flaum – eit klimarobust Voss?	August 2025	UKMB/ FPL/ HST?
Planvask/arealrekneskap/	September 2025	UKMB/ FPL/ HST?
Landbruk og jordvern	November 2025	UKMB/ UKN/FPL?
Ulike arealtema; hyttebygging, bustadutvikling, næringsliv, strandsone, etc.	Vår 2026	UKN/ FPL/ HST?